Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Suldal

Emne: Vassbering

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Veka

Gard:

(adresse): Bråtveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Ein seier vass-sele her, og brukar vass-sele her ennå. Fram kviler på båe akslene, og har ein utbola opning for halsen. Selen er jamnast av osp. For ospi er så lett i veden. – Før bruka ein tau. Nå jamt grant lekkje, og jarnkrokar. Før ofte brake-krokar (eine). Trebøtter bruka ein lenge her, – alt til dei fyrste åra etter 1900.

2) Utkjendt her.

3) " —

4) Oftast tenestgjentene, bu-deia helst.

5) Både på gard og husmanns-plass.

6). Ein høgde og vatnet same stader, både sumar og vinter, og gjer det ennå t.d. på Ausflaten

2

Nå er det lagt inn ljung-vatn på dei fleste gardane, både i kjøkken og fjøs.

Men i vinter (1946-47) laut ein til med varssele mange stader. Og køyring. På Li på Suldalseidet lauk ein inn vatnet i holkar, bundne fast i meis — 1-2 km.

— Varsbøttene var oftast av furu, alved. Ein ville nødde bruka „geitaved". For geita „trekkjer vatnet til seg, veit me, og bøttene vart difor tunge. Til band kring bøttene bruka ein helst selje, men og hatl.

Vass-bøtter, mjølke-kollar, kinner, ambrar, mjølkekjer, kalla ein alltid laggakoppar. Aslak Sandbakken, ein husmann i Kvilldal, var kjend som ein god laggar. Han døydde kring 1910, ikring 80 år gamal.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
609

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vassbering

Oppskr. av: Johan Veka

(adresse): Bråtveit

Fylke: Rogaland

Herad: Suldal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Ein seier vass-sele her, og brukar vass-sele her ennå Han kviler på båe akslene, og har ein uthola opning for halsen. Selen er jamnast av osp. For osp er så "lett" i veden.-Før bruka ein tau. Nå jamt grant lekkje, og jarnkrokar ( eine ). Trebøtter bruka ein lenge her, alt til dei fyrste åra etter 1900.

2) Ukjendt her.

3) "

4) Oftast tenestgjentene, budeia helst.

5) Både på gard og husmannsplass.

6) Ein køyrde og vatnet sume stader, både sumar og vinter, og gjer det ennå t. d. på Nesflaten Nå er det lagt inn springvatn på dei fleste gardane, både i kjøkken og fjøs. Men i vinter (1946-47) laut ein til med vass-sele mange stader. Og køyring. På Li på Suldalseidet laut ein bere vatnet i holkar, bundne fast i meis- 1-2 km.- Vassbøttene var oftast av fure, alved. Ein ville naude bruke "geitaved". For geita trekkjer vatnet til seg, veit me, og bøttene vart difor tunge. Til band kring bøttene bruka ein helst selje, men og hatl. Vassbøtter, mjølkekoller, kinner, ambrar, mjølkekjel, kalla ein alltid laggakoppar . Aslak Saubakken, ein husmann i Kvilldal, var kjend som ein god laggar. Han døydde kring 1910, ikring 80 år gamal.

Før ofte brakekrokar

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

609

Avskrift rettet
L. Aall.

Rog.
Suldal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over?
Brukte eller bruker en:
1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
2) a) Trekors?
b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
3) Noen trestykker?
4) Gress, halm, løvkvister, store blad, gran- eller enekvister?
5) Is eller snø?
6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
7) Korkskiver?
8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flæ, flyteskiver)?
9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o O o ---

6) Når ein køyrde vatn, la ein ofte oppi flòtrei (tre-) ein skalla – ei kodla (=kolle) eller ei trebötte.
Noko anna om dette veit me ikkje av her.

Herad _ Sūldal
Uppteiknar _ Johan Bakka.

1575

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING